



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/831 - 16/16519

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

29.08.2016

Vedlegg til sluttrapport frå Glade bønder - rekneskapsoversyn med kommentarar

Ref. Dirk Kohlman. Syner til tidlegare innsendt sluttrapport, og ber herved om utbetaling av løyvd BU-tilskot. Vedlagt ligg rekneskapsoversyn sett opp av økonomisjef.

Kommentar til rekneskap og budsjett for prosjekt Glade bønder 2014 -2016:

Aktiviteten har vore vesentleg høgare enn planlagt og det har vore større utgifter, men og større inntekter. 4 kommunar har ytt tilskot på tilsaman kr. 30 000 (Radøy, Masfjorden, Meland og Modalen)

Fleire av kursa og arrangementa har vore samarbeidstiltak med andre lag og organisasjonar, og då har ein delt på kostnaden på fleire. Kommunen sin eigeninnsats til planlegging og fagleg innhald har ikkje vore utgiftsført på prosjektet, men i det vanlege driftsbudsjettet til kommunen. Det er difor sett inn ein stipulert lønnskostnad som gjeldt grøftekurs/temadag.

Deltagaravgift: Hovuddelen av inntektene kjem elles frå deltakaravgift. Sidan denne må bereknast på førehand, før ein veit kor mange deltakarar som kjem, er det vanskeleg å finna rett sum. Enkelte kurs har hatt mange fleire deltakarar enn planlagt og difor gitt eit godt overskot, andre kurs har hatt færre deltakarar enn planlagt og har difor eit underskudd. Fordi ein ynskjer å halda fram med prosjektet også etter ein er ferdig med prosjektperioden har ein prøvd å byggja opp ein økonomisk buffer for å ta høgde for dette.

Det er framleis arrangement som har vore gjennomført som ikkje er betalt. Forventa kostnader på om lag kr. 15 000. Meland kommune har hatt ansvar for rekneskapsføring og fakturering og har ikkje tatt noko godtgjersle for dette.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Rekneskap 2014-2016 Glade Bønder

Galde Bønder 2014-2016

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN